


Piloten Statens hus Stad

Kvar står vi- kvar skal vi
og
kvifor skal vi dit?

Undervegs møte 31.01.22
Styringsgruppeleiar Åslaug Krogsæter
Prosjektleiar Kristine Dahl



Korleis løyser vi oppdraget?



Tenesteinnovasjon og utvikling

«Statens Hus» piloten i Stad har identifisert og testa ut område som kan effektiviserast og eigne seg for tenesteinnovasjon.



Samlokalisering

«Statens Hus» piloten i Stad har kartlagt og vurdert gevinstar ved fysisk samlokalisering av utvalde statlege fagmiljø - og gjennomført aktuell samlokalisering.



Statens som utviklingsaktør og samarbeidspart

«Statens Hus» piloten i Stad har utvikla og testa ut ein modell for korleis aktørar på tvers av privat og offentleg sektor, og på ulike nivå, kan spele saman i ein mellombels, fleksibel tenketank og innovasjonsorgan for utvikling av ny (distrikts)politikk.



Delprosjekt Samlokalisering

Nav
Politiet
Skatteetaten
Stad kommune



Kartlegge behov

Analyse dagens forpliktelser
Mål og rammer for samlokalisering
Markedssøk etter indikative tilbud
Intensjonsavtale
Avklaring departement

Estimert tidsbruk 6 måneder



Finne lokale

Befaring
Kravspesifisering
Konkurranse formelle tilbud
Signering leieavtale

Estimert tidsbruk 12 måneder



Fremtidig bruk

Tilpasning og brukerstyr
Innflytting
Brukertilfredshet
Evaluere gevinster

Innflytting fra 6 til 24 mnd etter
signering av leieavtale



Ser stor synergieffekt i Statens hus

Aktørar som skal inn i Statens hus ser store moglegheiter for synergieffektar når Skatteetaten, NAV og Politiet blir samlokalisert.

Statens hus-prosjektet på Nordfjordeid i regi av Stad kommune er eit av fire pilotprosjekt i samband med at regjeringa som del av fornyinga av norsk distriktspolitikk vil prøve ut ein ny modell i distrikts-Noreg. Dei andre kommunane som er valde ut til å vere pilot er Orkland, Narvik og Lyngdal. Målet med piloten er at små og mellomstore avdelingar av statlege etatar samarbeider tettare med kvarandre og skaper større statlege fagmiljø på mindre stadar.

Piloten skal identifisere og teste ut område som kan føre til effektivisering, tenesteynnovasjon og utviding. Ein skal kartlegge og vurdere gevinstar ved fysisk samlokalisering. Og ein skal utarbeide og teste ein modell knytt til lokalisering av statlege arbeidsplassar, rekruttering, desentralisert utdanning og klynge- og næringsutvikling.

Slutten av 2024

Forprosjektet vart gjennomført i perioden oktober 2020 til januar 2021, med Stad kommune ved assisterande kommunedirektør Kristine Dahl som prosjektleiar. Deltakarar var BUFdir, NAV Vestland, Vest politidistrikt, Politidirektoratet, Skatteetaten, Skattedirektoratet, Statens vegvesen, Statsbygg, Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune og Stad kommune. Det har i tillegg vore etablert ei lokal arbeidsgruppe for å få innspel frå lokale aktørar.

Statens hus blir leigetakar på åremål i tilpassa lokaler eigd av ekstern næringsaktør.

Hans Thomas Solheim, prosjektleiar i Stad kommune, seier det er gjennomført ei prekvalifisering der ein skisserte overordna krav. Interesserte aktørar måtte svare ut krava.

– Statsbygg er leigd inn av kommunen som rådgjevar i prosjektet for å blant anna bistå med utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av konkurransen. Ni aktørar har vist interesse for prosjektet. Det vil bli eit arealbehov på 1400-1700 kvadratmeter. Målet er å skrive kontrakt i juni

2023, og at etatene flyttar inn i slutten av 2024. Basert på erfaringane til Statsbygg er dette realistisk.

– Spanande arbeid

I byrjinga av november møtte om lag 20 personar i prosjektgruppa til eit første møte på Nordfjord Hotell for å diskutere gjennomføring og retning. Alle dei lokale etatane var representert.

Gruppeleiar for Skatteetaten på Nordfjordeid Kristin Vik Sparvath og leiar for NAV på Nordfjordeid Bodil Førde seier dei har stor tru på prosjektet.

– Det er veldig spanande å jobbe med eit slikt prosjekt, der vi skal prøve å få til noko retningsgivande for utvikling av tilsvarande prosjekt andre stader. Slik vi har forstått det, er det vi som er komne lengst av dei fire pilotane. Av og til kunne vi ønskje at vi hadde nokon andre å sjå til, men samstundes er det også spanande å vere den som skal finne ut av ting. Vi er i ferd med å «kna» det litt og prøve å finne ut kvar vi kan få ut effektar. Vi ser absolutt moglegheiter, seier Sparvath.

Ho trekkjer fram ID-kontroll som eit felt der Skatteetaten samarbeider med politiet.

– I samband med avdekking av falsk pass eller ID samarbeider vi med politiet. Blir vi samlokalisert, vil samarbeidet kunne gå lettare.

Samarbeid mellom etatane

Førde i NAV viser til skatt og gjeldsproblematikk som eit felt der både Skatteetaten, NAV og Politiet kan ha nytte av å vere samlokalisert.

– I samband med til dømes restskatt kan det oppstå gjeldsproblematikk som gjer at vedkomande blir fanga opp av NAV, og kanskje må namsmannen i regi av Politiet også involverast. Det er døme på at etatane i mange tilfelle har arbeidsoppgåver som kan forenklast om ein sit saman, meiner Førde.

– Så vil ein også få ein effekt med ein del fellesrom og støttefunksjonar. Til dømes pauserom, møterom og garderobar. Po-

det litt uavklart. Vi er i ein prosess der ting må modnast.

Sparvath meiner det vil gje alle etatane eit løft å kunne flytte inn i moderne, tilpassa lokaler.

– Samlokaliseringa vil gje moderne lokale utforma med tilpassa løysingar for nye måtar å jobbe på, mellom anna når det gjeld digitalisering.

Prøvar å få inn distriktshub

Ifølgje Solheim vil Statens hus samlokalisere 50-60 statlege arbeidsplassar, om ein reiknar talet på arbeidsplassar etatane har på Nordfjordeid i dag.

I tillegg jobbar vi med å få inn ein distriktshub, som arena for eit enda breiare samarbeid, der vi tenkjer at det kan vere plass til både andre statlege arbeidsplassar og andre næringar.




Under: Skal inn i Statens hus: Medarbeidarar frå lokale etatar samla i samband med det første møte i prosjektgruppa for å diskutere gjennomføring og retning for Statens hus på Nordfjordeid. Frå venstre: Petter Kvinge (Politiet), May Britt Henriksbø (Skatteetaten), Lisbeth Engesæter (Politiet), Bodil Førde (NAV), Monica Mundal (Skatteetaten), Kristin Vik Sparvath (Skatteetaten), Katrine Skrede (NAV), Hans Thomas Solheim (Stad Kommune), Richard Rusdal (NAV), Elise Hestenes Fjelle (NAV), Hildegunn Olsen (Skatteetaten), Marianne Løvlid (Skatteetaten) og Marius Nordseth (Politiet).

Over: Stad kommune jobbar tett med dei tre andre Statens hus-pilotane i Noreg. I haust inviterte Kommunal- og moderniseringsdepartementet alle pilotane til felles erfaringsamling der Stad kommune var vertskapskommune. – Kommunane har ulikt innhald i pilotane, men vi har mange felles problemstillingar det er nyttig å sjå på saman, seier Kristine Dahl, prosjektleiar for Statens hus i Stad. Her saman med prosjektleiarane frå Narvik (Ståle Ellisjen), Orkland (Ingvill Kanestrøm) og Lyngdal (Marius Thoresen).



NÆRHETSDIAGRAM _ STATENS HUS STAD - 21.12.2022

Andre fellesarealer, sykkelparkering, trening, gard.



Politispesifikke funksjoner: parkering, gard, utstyr, mm.

Hovedinngang Ansatte

Inngang



Delprosjekt

«Staten som samarbeidspart
og utviklingsaktør»

Resultatmål

«Statens Hus» piloten i Stad har utvikla og testa ut ein modell for korleis aktørar på tvers av privat og offentleg sektor, og på ulike nivå, kan spele saman i ein mellombels, fleksibel "hub" / "tenketank" / "innovasjonsorgan" for utvikling av ny distriktpolitikk.



Inspirasjon

Demografiutvalet peikar på at det er nødvendig med ei endring i prinsippa for korleis staten organiserer si verksemd i ein region. Utvalet meiner det må utarbeidast modellar for betre intern koordinering, rural eksponering og tilgjenge, som blir utvikla på «mikro-nivå» gjennom pilotering i ein distriktsregion.



Distriktstenketanken FJORDSPENN / UNDRING

Eit organ for undring, kunnskapsdeling, meningsutveksling og pilotering av nye modellar for samstyring i offentleg forvaltning og utvikling av fornya distriktspolitikk

AMBISJON

Utvikle og teste ut ein modell for korleis aktørar på tvers av privat og offentleg sektor, og på ulike nivå, kan spele saman i ein mellombels, fleksibel tenketank og innovasjonsorgan for utvikling av ny (distrikts)politikk

KVEN

Kommunane/etatane
Nordfjordrådet
Fylkeskommunen
Statsforvaltaren og KDD
Næringslivet
Innbyggjarane
Akademia
Generasjon Z

NÅR

2022-2024

KORLEIS #1

Tema: Generasjon Z

Invitere Generasjon Z og næringslivet til undring og kunnskapsdeling om leve- og tankesett, bulyst og rekruttering – no og i framtida. Innovasjonsdag. (Flyttemotiv/Blimotiv)

#2

Tema: Arealforvaltning

Organisere møtepunkt for kommune og Statsforvaltar. Teste ut nye måtar å arbeide med arealforvaltning.

#3

Tema: Samstyring /Smart ressursstyring

Utforske nærleiksprinsippet for statleg styring og ein berekraftig lokaliseringsspolitikk inkl. digitalisering. Korleis nytte viktig kompetanse og kapasitet tilgjengeleg i Noreg på tvers av kommunale / regionale grenser?

#4

Tema: Maktfordeling

Følge opp og vere ein aktør inn i arbeid på tema som går føre seg i ulike fora, jf. spørsmål om behov for ei ny makt-utgreiing i Noreg. Utfordre generalistkommuneprinsippet og normkrav på ulike fagområde?

Kommunikasjonsstrategi og –aktivitetar med hovudfokus mot nasjonale aktørar pol./adm.

Møte med statsråden 6.2.22

Stad kommune invitert til eit møte «for å drøfte hvordan vi i fellesskap kan bidra til å styrke lokale fagmiljøer, og legge til rette for mer desentralisert arbeid i staten»

Fellesføring frå Regjeringa i statlege tildelingsbrev

6.3 Virksomhetene skal vurdere mulighetene for desentralisert arbeid og tilrettelegge for dette der hvor det er formålstjenlig.

Politiet skal vurdere hvilke muligheter etaten har for økt bruk av desentralisert arbeid, med det formål å oppnå mer desentralisering av statlige arbeidsplasser og styrke lokale fagmiljøer, som kan gi distriktpolitisk gevinst. Dette vil være særskilt aktuelt i anledning utlysning av stillinger, men kan også være aktuelt for allerede ansatte som ønsker dette. Slikt desentralisert arbeid bør fortrinnsvis kombineres med mulighet til å tilhøre et lokalt kontorfellesskap hvor det er tilgjengelig. Dersom økt bruk av desentralisert arbeid ikke lar seg gjennomføre i virksomheten, skal dette grunngis særskilt. Eksempel på dette vil være dersom det medfører at virksomheten ikke kan levere godt på sine hovedoppgaver. Politiets ledelse har ansvar for å legge rammene rundt hvordan økt bruk av desentralisert arbeid skal gjennomføres i sin virksomhet etter drøfting med ansatte og deres organisasjoner. Dette må gjøres ut fra juridisk rammeverk, arbeidsfelt, oppgaver og kompetansebehov.

Politiet skal i årsrapporten redegjøre for sin vurdering av mulighetene for desentralisert arbeid, omfang og bruk av desentralisert arbeid i virksomheten og erfaringene med dette. Dersom virksomheten ikke har hatt økning i desentralisert arbeid eller dersom bruken har gått ned, skal det særskilt redegjøres for årsakene til dette. Departementene skal oppsummere rapportene fra sine virksomheter. Kommunal- og distriktsdepartementet skal på grunnlag av disse gjøre en samlet vurdering av erfaringer med slikt desentralisert arbeid i statlige virksomheter.

